

Emne: Informasjon om eigedomsskatt

### Eigedomsskatt og taksering

**Du som får dette brevet står registrert som eigar (heimelshavar) av ein eigedom i Fjaler kommune.**

**Kommunen har fått oppgitt bustadverdien for eigedomen frå Skatteetaten. Derfor skal din eigedom ikkje synfarast.**

### Ny allmenn taksering

Kommunestyret i Fjaler vedtok i k-sak 104/24 ny allmenn taksering av alle eigedomar i kommunen. Nye takstar vert gjeldande frå skatteåret 2026. For bustadeigedomar har kommunestyret vedtatt å bruke Skatteetatens bustadverdi som grunnlag for å rekne ut eigedomsskatten.

For eigedomen din får kommunen ein berekna bustadverdi frå Skatteetaten. Eigedomen din blir derfor ikkje synfart.

Alle andre typar eigedomar, også bustadeigedomar utan tilgjengeleg bustadverdi frå Skatteetaten, må takserast ved synfaring.

### Berekna eiendomsskatt

Innan utgangen av februar 2026 vil du få brev om korleis verdien på eigedomen er rekna ut og kor mykje du skal betale i eigedomsskatt. Dette brevet blir kalla skattesetelen.

Vi vil i tillegg legge ut ei liste over alle skattlagde og fritekne eigedomar. Lista blir tilgjengeleg på nettstaden til kommunen og på rådhuset.

### Klage på eller endre grunnlaget for eigedomsskatt frå Skatteetaten

Kommunen kan ikkje påverke eller endre bustadverdien frå Skatteetaten. Dersom du har spørsmål eller ønsker å klage på bustadverdien, må du ta kontakt med Skatteetaten. Du finn meir informasjon om dette på Skatteetaten sine nettsider om eigedomsskatt.

Meir informasjon om endring av Skatteetatens bustadverdiar finn du på [www.skatteetaten.no/eiendomsskatt](http://www.skatteetaten.no/eiendomsskatt). Du kan også ringe Skatteetaten på telefon 800 80 000.

Dersom du ønsker informasjon frå kommunen om andre spørsmål som gjeld eigedomsskatt (ikkje om bustadverdien frå Skatteetaten), finn du kontaktinformasjon under.

|              |                                                                                |
|--------------|--------------------------------------------------------------------------------|
| Heimeside:   | <a href="http://www.fjaler.kommune.no">www.fjaler.kommune.no</a>               |
| E-post:      | <a href="mailto:postmottak@fjaler.kommune.no">postmottak@fjaler.kommune.no</a> |
| Postadresse: | Dalstunet 20<br>6963 Dale i Sunnfjord                                          |